

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 1 - 2026

Tidspunkt: 3. februar, 2026, kl. 10.00 – 12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Kjetil Børhaug (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Rolf Ivar Bøe (studentrepresentant), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret).

Observatør: Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar)

Meldt forfall: Martin Sjøen (PF), Monica Håkonsli (VLFK), Thashany Pratheepan og Anders Taraldsen (studentrepresentantar)

Framlegg til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 9. desember 2025

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

- UHR - Lærerutdanningskonferansen 2026, 30. april

Vedtakssak

Sak 1/26 Praksisbesøk haust 2026

Saka har hatt ei grundig sakshandsaming og vore innom ulike styringsorgan, i tillegg til innspelsrunde i fakulteta.

Framlegg til vedtak la til grunn at det er behov for ein einskapleg modell, som gjer praksisbesøkordninga føreseieleg for både studentar og skular. I saksframlegget kjem det samstundes fram at faglege omsyn kan gi grunnlag for ekstra oppfølging og ekstra besøk. På den bakgrunnen bruker ein nemninga *hovudmodell*.

Representanten frå NT-fakultetet ønskte at vedtaket omtalte ein alternativ modell, slik at det kom fram kva som var alternativet til hovudmodellen med eitt besøk.

Representanten la fram ein alternativ vedtakstekst. Programstyret voterte over dei to framlegga til vedtak.

Framlegg 1 (opprinneleg framlegg):

«Felles programstyre vedtek at hovudmodell for praksisbesøk i langpraksis hausten 2026 er eitt praksisbesøk per student, både innanfor lektorprogramma og PPU.

Denne unntaksordninga vil gjelde berre for hausten 2026.

Lektorsenteret gjennomfører føremålstenlege informasjonstiltak i samband med ordninga, i tråd med tilrådingane frå praksisutvalet.»

Framlegg 2 (lagt fram i møtet):

«Felles programstyre vedtek at hovudmodell for praksisbesøk i langpraksis hausten 2026 er eitt praksisbesøk per student, både innanfor lektorprogramma og PPU.

Denne unntaksordninga vil gjelde berre for hausten 2026. Ein alternativ modell er to praksisbesøk så langt det lar seg gjere.

Lektorsenteret gjennomfører føremålstenlege informasjonstiltak i samband med vedtaket.»

Avstemming:

Framlegg 1 fekk 6 av 8 stemmer

Framlegg 2 fekk 2 av 8 stemmer

Vedtak

Felles programstyre vedtek at hovudmodell for praksisbesøk i langpraksis hausten 2026 er eitt praksisbesøk per student, både innanfor lektorprogramma og PPU.

Denne unntaksordninga vil gjelde berre for hausten 2026.

Lektorsenteret gjennomfører føremålstenlege informasjonstiltak i samband med ordninga, i tråd med tilrådingane frå praksisutvalet.

Sak 2/26 Universitetsskulesamarbeid – etablering av prosjektorganisasjon

Formålet med universitetsskulearbeidet er å styrke kvaliteten i lektorutdanninga, særleg gjennom samarbeid om praksisopplæringa.

Det kom innspel om at fagmiljøa bør involverast i aktivitetane i universitetsskulesamarbeidet, og programstyret drøfta arbeidsdelinga mellom fagmiljøa og lektorsenteret i oppfølginga av universitetsskulesamarbeidet. Arbeidsdelinga vil vere i utvikling gjennom heile pilotperioden.

Etter innspel og drøfting i programstyret var det semje om å fjerne nemninga «styringsgruppe» om felles programstyre si rolla i universitetsskulearbeidet.

På bakgrunn av dette vart følgjande setning lagt til framlegg til vedtak: «- med de justeringene som kom fram på møtet, når det gjelder felles programstyre sin rolle»

Avstemming:

7 av 8 stemte for vedtaket

1 av 8 stemte blankt/let vere å stemme

Lektorsenteret vil gjere dei nødvendige endringane i avtalane knytt til programstyret si rolle.

Vedtak

Felles programstyre gir sin tilslutning - med de justeringene som kom fram på møtet, når det gjelder felles programstyre sin rolle - til

- foreslått organisasjon for universitetsskolesamarbeidet
- foreslått mandat for arbeidsutvalg for universitetsskolesamarbeidet

Drøftingssaker**Sak 3/26 Studiebarometeret 2025**

Studiebarometeret har sperrefrist til 14.februar.

Resultata frå studiebarometeret viser fleire positive tendensar. Det vart vidare peikt på spørsmål i studiebarometeret som det er verdt å problematisere med tanke på lektorutdanninga.

Svarprosenten for SV-fakultetet er låg og gir ikkje eit fullstendige resultatbilete.

Sak 4/26 Rammeplanarbeidet: Utkast til underkapittel

Felles programstyre tek saka til orientering og er førebudd på høyringa som vil komme.

Orienteringssaker**Sak 5/26 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026**

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 6/26 Nytt frå praksisutvalet

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 7/26 Eventuelt

UHR arrangerer sin årlege nasjonale lærarutdanningskonferanse 30. april. Temaet for konferansen er *Demokrati og kunnskapsberedskap*. Lektorsenteret vil vidaresende invitasjon til programstyremedlemmene, med moglegheit til å få dekka reiseutgifter.